



Infoskriv Våren 2025

Landbruksforvaltninga for Askvoll, Fjaler og Hyllestad



Ny forskrift om husdyrgjødsel i heile landet

Frå 1. februar 2025 ble det vedtatt ny [forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv.](#) Landbruksdirektoratet har eit [nyheitsskriv](#) og ei [retteleiing](#) som forklarar forskrifta.

I Vestland er **spreiefrist** for organisk gjødsel som er frå **1. mars til 15. september**. Det skal i same året haustast eller etablerast plantevekst etter siste gjødsling. Spreiing på snødekt eller frosen mark er ikkje tillat.

Tilføring av fosfor på jordbruksareal er avgrensa inntil 3,5 kg P/daa/år. Dette gjeld fram til 2027 då grensa blir 2,8 kg P/daa. På innmarksbeite som er godkjent for speiing kan det tilførast 2 kg P/daa/år.

Frå og med 2026 skal alle som disponere og gjødsjar meir ein 25 daa/år ha gjødselplan (§26) og føre ein gjødseljournal (§27). Planen skal føreligge før vekstsesongen og skal justerast dersom vekstforholda avviker frå føresetnaden som låg til grunn når planen vart utarbeida. Gjødselplan og gjødseljournal skal oppbevarast, og skal kunne leggest fram for kontroll, i minst fem år etter utløpet av det kalenderåret dei gjeld for.

Jordprøver og gjødselplan

Landbrukskontoret har slutta med å lage gjødselplanar, men vi har utstyr som de kan låne for å ta jordprøvene, som jordprøvebor, kart og gratis emballasje (esker) til jordprøve. Jordprøvene kan også levast inn på landbrukskontoret så kan vi sende prøvene vidare til analyse.

I samband med søknad om produksjonstilskot er det også viktig å ha gjødselplanen i orden. Dersom ein manglar gyldig gjødslingsplan er normen i regelverk for areal- og kulturlandskapstilskotet (AK-tilskotet) at dette tilskotet skal avkortast med 20 %.

Autorisasjonsbevis for bruk og kjøp av plantevernmidlar

Du må ha et gyldig autorisasjonsbevis også kalla sprøytesertifikat vist du skal kjøpe eller bruke plantevernmidlar i yrkesmessig samanheng. Du kan lese meir på Mattilsynet sine [nettsider](#). Vist du skal fornye autorisasjonen din, so tilbyr mattilsynet eit [nettkurs](#) med tilgang til elektronisk eksamen.

Søknadsfristar og viktige datoar i 2025

Her er ei oversikt over fristar for ulike ordningar. Utfyllande informasjon finn ein på heimesidene våre. Heimesidene for landbruksforvaltninga er felles for Askvoll, Fjaler og Hyllestad. For å opne lenker, høgreklikk på lenka, og vel «opne hyperkopling»: <https://www.askvoll.kommune.no/tenestene-vare/okonomi-naring-og-landbruk/landbruk/>

Ordning	Søknadsfrist	Rammetildeling (fjoråret i parentes)		
		Askvoll	Fjaler	Hyllestad
Tiltak i beiteområde (organisert beitebruk)	1.mars	57.000,- (55.000)	45.000,- (43.000)	10.000,-(10.000)
Produksjonstilskot del 1 Produksjonstilskot del 2 og Regionalt miljøtilskot	15. mars			
	15. oktober			
Viltfondet Askvoll/ Fjaler/Hyllestad	Ingen frist			
Smil	15.mars * og 1.sept. (restmidlar)	440.000,-(400.000)	500.000,- (420.000)	190.000,- (170.000)
Drenering	Ingen frist	90.000,- (48.000)	80.000,-(42.000)	60.000,-(18.000)
Tilskot til skogkultur	Ingen frist	20.000,- (40.000)	80.000,-(130.000)	10.000- (10.000)
Tilskot til skogsveg og taubane	Ingen frist	0,-(0)	800.000,- (0)	350.000 (0)

*Pga rullering av strategiane der siste politiske handsaming fann stad 20. februar- er fristen på å søke Smil midlar forlenga til **15. mars i 2025**. Les gjerne dei nye strategiane som gjeld for perioden frå 2025 til og med 2028 før du søker.

Om søknadsordningane for jordbruket

Bøndene i våre område har vore gode på å nytte dei ulike tilskotsordningane. At tildelte midlar utløyser aktivitet, er viktig for at kommunane skal oppretthalde, og ha mogelegheit for å få auka ramma si frå Statsforvaltaren. Høg aktivitet kan også utløyse tildeling av ekstramidlar gjennom omfordeling av ubrukte midlar frå andre kommunar i løpet av året.

Utfyllande informasjon om ordningane og prioriteringar i Askvoll, Fjaler og Hyllestad kan ein finne i dokumentet: [Lokale retningslinjer for perioden 2025-2028](#)

Kommunen har fastsett dei lokale retningslinjene i samarbeid med dei lokale faglaga, innafor dei overordna føringane frå Statsforvaltaren og forskrifta. Kommunestyre i dei tre kommunane har

vedteke strategiane politisk. Når det gjeld siste søknadsfrist for SMIL for evt restmidlar 1. september, vert ledige midlar i dei tre kommunane fordelt samla for Askvoll, Fjaler , Hyllestad. Dette vil vere meir føremålstenleg for å prioritere gode søknader, enn å skulle forvalte mindre restmidlar kommunevis, det er ikkje høve til å overføre midlar frå eit år til eit anna.

SMIL – Spesielle miljøtiltak i landbruket

Føretak som oppfyller vilkår i forskrift om produksjonstilskot kan søkje Smil midlar. Det er og mogeleg å søke om Smil midlar til tiltak på leigjord. Dette krev at det er gitt løyve frå grunneigar. Eigar av landbrukseigedomen kan også søke om Smil midlar dersom arealet er leigd ut, og det er ein produksjon på garden som oppfyller vilkåra om produksjonstilskot.

Døme på tiltak:

- Beiterydding og gjerding på tidlegare kulturmark som ikkje er ein del av innmarksareal
- Hydrotekniske tiltak for å hindre erosjon og forureining til dømes plastring av open kanal.
- Vedlikehald av gamle steingardar og bakkemurar
- Restaurering av bevaringsverdige bygg etter antikvariske prinsipp
- Etablering av tak for å hindre nedbør i allereie eksisterande gjødselsilo



Gjødsellager med og utan tak Foto: Sveinung Klyve.

Det er lagt opp til to datoar for å søke, men med hovudsøknadsfrist 1. mars (15. mars for 2025). Det kan bli tilgjengeleg midlar gjennom året som fylgje av for få søkjer, inntrekte midlar frå prosjekt som ikkje vart fullført i våre kommunar, eller som omfordeling frå andre kommunar som ikkje har brukt alle midlane. Dette er bakgrunnen for at vi no også har ein formell søknadsfrist 1. september for å få legge opp til mest mogeleg lik handsaming også etter hovudsøknadsfristen.

Drenering

Føremålet med ordninga er å auke kvaliteten på tidlegare grøfta jordbruksareal med potensiale for auka produksjon på areala, redusert fare for erosjon, og redusert overflateavrenning av næringsstoff til vassdrag.

Etter jordbruksforhandlingane i 2023 blei tilskotssatsen for drenering endra. Den nye satsen auka frå 2500 kr til 4000 kr per dekar, for profilering, omgraving og systematisk grøfting. For usystematisk grøfting og avskjeringsgrøfter, er satsen endra frå 38 kr til 61 kr per løpemeter grøft. Den nye satsen vart gjeldande frå 1.juli 2023.

[Du kan lese meir om korleis du søker og finn link til søknadsskjema på landbruksdirektoratet si heimeside.](#)



Tilskot til tiltak i beiteområde – 1. mars

Gjennom beitelaga kan du søkje på tiltak for å stimulere til auka beitebruk i utmark. Føremålet med tilskotet er å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda.

Faste installasjonar som bruer og skiljeanlegg, sperregjerde, elektronisk sporingsutstyr og fellestiltak vert prioritert. Landbruksdirektoratet har eiga [informasjonsside](#) om ordninga, og ein søker elektronisk gjennom [altinn](#).

Tiltak som kan søkast om:

- Elektronisk overvakingssystem
- Sanke og skiljeanlegg
- Bruer / driftevegar
- Sperregjerder mot farlege områder
- Gjetarhytte/ sankehytte



Ps. Det er viktig at beitelaga oppdaterer informasjon i Brønnøysundregistrene dersom det har komme inn nye i personar i styret eller ny leiar.

Produksjonstilskot (PT) – 15. mars

Det er snart tid for å søkje om produksjonstilskot i jordbruket igjen, og vi minner om at det er tal dyr på føretaket pr. 1. mars som skal registrerast i søknadsskjemaet no.

I informasjonsskrivet i fjor hadde vi fokus på sauehald med låg eller ingen avdrått. Som opplyst må ein for å få husdyrtilskot ha ein viss avdrått. Dersom ein har hatt låg avdrått, er det viktig at de forklarar årsaka til dette i søknaden.

Dyretal pr. 01.03.25 er og med og dannar grunnlaget for kva du får i avløysartilskot og arealtilskot i del 2.

Avløysartilskot

Alle føretak med husdyrproduksjon (over ein viss storleik) som har hatt utgifter til avløysar i løpet av året kan søkje om avløysartilskot (søknadsfrist 15. oktober). Dette er ei refusjonsordning som dekker utgifter til avløysar i løpet av året. Vi får ein del spørsmål knytt til kva arbeidsoppgåver som kan godkjennast for tilskot: På lista nedanfor har vi laga ei oversikt over kva som kan godkjennast og ikkje godkjennast (lista er ikkje utømmende).

Døme på godkjent arbeidshjelp som kan søkjast refusjon for:	Døme på utgifter til arbeidshjelp som ikkje kan godkjennast:
○ Stell av dyr ○ Saueklipping ○ Klauvskjering ○ Gjerdehald ○ Dyrking og grøfting ○ Snekkararbeid ○ Rundballepressing	○ Dyrlege ○ Drektigheitskontroll ○ Rekneskapsførar ○ Utgifter til elektrikar ○ Bilmekanikar

Merk at det er utgiftene til sjølve arbeidshjelpa du kan få tilskot for, ikkje utstyr og materiell. Utgiftene må kunne dokumenterast.

[Produksjons- og avløysartilskot ordninga](#)

Gardskart

Kontroller at gardskart er oppdaterte. Det er tala frå gardskart som vert lagt til grunn når du søker om arealtilskot. Det er spesielt viktig at areala er rette før søknaden om produksjonstilskot i oktober. Meld frå til oss innan **1. august** dersom du har rydda beite, dyrka opp eit areal eller det er andre arealendringar som vi må godkjenne.

Ved søknadsomgang i oktober 2024 vart det avdekka at det er føretak som søker på alt arealet som er tilgjengeleg i kartet, både på sin eigen eigedom og på areal ein leiger. **Merk at det berre er areal som vert nytta til slått og beite som det kan søkjast tilskot for. Areal som berre vert beitepussa, ligg brakk, mv, skal ikkje vere med i søknaden. Dette er viktig, slik at tilskot ikkje vert avkorta.**

[Gardskart på nett](#)

Driveplikt

Den som eig eit jordbruksareal, har ansvar for å sørge for at det er i drift. Eigar kan oppfylle driveplikta ved å leige ut jorda til ein eller fleire. Etterspurnaden etter leigejord varierer frå område til område. Kommunen har prøvd å få oversikt over kven som er interessert i meir areal slik at jord som er ute av drift i større grad kan kome i drift igjen gjennom leigeavtaler. Dersom du vil stå på ein uforpliktande liste over gardbrukarar som ynskjer meir areal kan du kontakte oss. Kommunen erfarer at det er viktig at jordeigar og jordleiger har gjensidig kunnskap om driveplikta. Link til brosjyre om driveplikta frå Statsforvaltaren [Brosjyre Statsforvaltaren](#)

Viltfond

Kvart år kan ein søke om midlar frå kommunalt viltfond for tiltak som fell innanfor viltfondforskrifta. Ein har i Askvoll, Fjaler og Hyllestad kommunale retningslinjer på kva som skal prioriterast. Det er fortløpande søknadar gjennom året. For landbrukseigedomar som er aktivt drive kan ein merke seg at ein kan få inntil 35% tilskot for inngjerding av rundballelager og 30% for inngjerding av dyrka mark. Dette forutset nok tilgjengelege midlar på kommunalt viltfond.

Framleis mykje felt hjort

Alle tre kommunane har, som mange andre Vestlandskommunar, mål om å redusere hjortebestanden generelt på kommunalt nivå. Sett-hjort tala rapportert frå jegerar viser tendens til nedgang i Fjaler og Hyllestad, medan i Askvoll for første gang sidan 2017 viser auke i sett hjort.

Fellingstala i Fjaler og Hyllestad viser ny avskytingsrekord i begge kommunar sjølv om tala i Fjaler ikkje er endeleg bekrefta, medan Askvoll i 2023 hadde nest høgste fellingstal nokon gang.

Kommune	Tal felt hjort 2024
Askvoll	733*
Fjaler	986. Ny fellingsrekord
Hyllestad	658. Ny fellingsrekord

* Manglar fullstendig fellingsrapport frå eit jaktfelt.

Skog

SVÆRT GODE TØMMERPRISAR! Tømmerprisane har for alvor stege til nye høgder, noko som gjeld både sagtømmer og massevirke. Sagtømmerprisar for gran er i skrivande stund opp under 1000kr/m³. Dette kan gjere nye områder aktuelle og lønsame for hogst og bygging av skogsbilveg.

Elles så er skogbruksplanarbeidet godt i gang og AT Skog klargjer seg i desse dagar for ei siste runde med taksering framover mot sommaren. Skogeigarar kan framleis rekke å tinge seg skogbruksplan der ein får oversikt over skogen sin, og forslag på tiltak, som hogsttidspunkt.

Ta kontakt med landbruksforvaltninga for råd kring skogen og skogsdrift.



Skogforsikring

I Noreg er det ein aktør som forsikrar skog; **Skogbrand**. Det er lett å teikne forsikring, der du legg inn skogarealet ditt som du finn til dømes på Gardskart hos N, og får forsikra skogen både mot brann og vind. Stormforsikringa er viktigast! Gå på www.skogbrand.no for å sjå vilkår og korleis du kan teikne forsikring. Skogforsikring kan du dekke med skogfond.

Informasjon om IBU-midlar i 2025 (Innovasjon Norge)

Har du planar for bruksutbygging, bygging av gjødsellager, plan- eller tårnsilo, eller ein står føre generasjonsskifte? Då kan det være mogleg å få støtte frå Innovasjon Norge til ditt prosjekt. Under kjem ei oversikt over prioriteringar og tilskot:

Tradisjonelt landbruk

Tilskot til forstudie i mjølkeproduksjonen ([Ressursavklaringstilskot](#))

Føremål: Bidra til fleire økonomisk berekraftige prosjekt, særleg på små og mellomstore storfehold som må legge om til lausdrift innan 2034. 90% tilskot til inntil 100 000 i kostnader ved forstudie/ressursavklaring.

Ekstern bistand er til å kartlegge investeringsomfanget gardsbruket kan makte for å sikre økonomisk berekraft for ulike driftsalternativ. Tilskotet kan brukast til rådgjeving frå TINE, Norsk Landbruksrådgiving, Nortura, rekneskapskontor, ingeniør/entreprenør for betongvurdering og geolog for vurdering av grunnforhold, evt ras-og flaumfare.

Omlegging frå bås til lausdriftsfjøs

Gardsbruk med inntil 30 mjølkekyr er prioritert. Det kan bli gitt inntil 50 % tilskot, og maks kr 5,0 mill, det er ikkje ekstra tre-tilskot i 2025. Oppgradering av eldre lausdriftsfjøs kan verte prioritert om det er nok midlar.

Tiltak i båsfjøs for å møta 2024-krav

Inntil 30 % tilskot til godkjende kostnader for kalvings- og sjukebinge (omsorgsbinge).

Tiltak for kjøtproduksjon/ammeku

Normalt inntil 30 % tilskot, inntil kr 3,5 mill til godkjende kostnader. Viktig at prosjektet er lønnsamt og med moderate byggekostnader. Omlegging frå bås-til lausdrift for ammeku, får inntil 35 % tilskot.

Tilskot for kjøtproduksjon/sau

Driftsomfang: Reine sauebruk > 80 -100 vinterfôra sauer etter utbygging. Kan yte tilskot til bruksutbyggingar med færre vfs, som har akseptabel lønsemd. I kombinasjon med andre produksjonar godkjenner Innovasjon Norge planar med færre vinterfôra sauer etter utbygging.

Normalt inntil 30 % tilskot, inntil kr 3,5 mill til godkjende kostnader.

Tilskot ved generasjonsskifte –også for kjøp av gardsbruk utanom familie

Aktuelle tiltak kan vere mindre ombyggingar og utbetringar av driftsbygningar. Normalt inntil 50 % tilskot, inntil kr 1 000 000 til godkjende kostnader uavhengig av kjønn. Godkjent kostnad inntil kr 2,0 mill. Søkjaren må vere under 35 år på søknadstidspunktet (absolutt krav). Ein kan normalt søkje om støtte inntil 5 år etter eigarskiftet.

Tilskot til gjødsellager

Gjødsellager kan få 25% tilskot, inntil kr 250.000. Gjødsellager med fast toppdekke eller minimum 10 mnd lagringskapasitet. Krav om lager med fast toppdekke for biorest frå biogassanlegg.

Felleslager for gjødsellager og biorest: 25 % tilskot, avgrensa til inntil kr 200 000 i tilskot pr landbrukseigedom.

Dersom det blir bygd husdyrrom på gjødsellageret, skal kapasiteten dekkja framtidig potensielt produksjonsomfang.

Investeringsstilskot til grovfôrlager

Tilskot til tårnsilo, plansilo og høytørke. Til godkjent kostnad, inkl. oppsamling av pressaft, kan det løyvast: Inntil 25 % i støttesats av godkjende kostnader. Inntil kr 300 000 i tilskot pr prosjekt. Om søkjaren ikkje har husdyr, men sel grovfôret –25 % tilskot av heile kostnadsoverslaget

Tilskot frå Innovasjon Norge til fornybar energi, bioøkonomi og teknologi i 2025

Mellom anna tilskot til gardsvarmeanlegg, biokolanlegg, biogassanlegg, Les meir på nettsida til Innovasjon Norge: <https://www.innovasjonnorge.no/seksjon/bionova-fornybar-energi-bioekonomi-og-teknologi>

Bygde-/ tilleggsnæring

Ein kan få støtte til å etablere tilleggsnæring til den tradisjonelle drifta på garden, slik at desse til saman kan gje tilfredsstillande inntekt og sysselsetting på garden. Søkar må bu på/ nært garden. Primært er ordninga innordna tiltak på gardsbruk i aktiv drift der brukaren og familien, står ansvarleg for prosjektet. Prosjektet må ha eit element av nyskaping, og vere tilknytt garden sine ressursar. Døme på tiltak som kan få støtte:

- Lokalmat / lokal foredling
- Landbruksbasert reiseliv
- Grøn omsorg / Inn på tunet-tenester
- Småskala grønt-produksjon
- Sagbruk for sal av spesielt virke.

Ta gjerne kontakt med landbrukskontoret om du ynskjer å diskutere eit prosjekt. Ein finn også utfyllande informasjon om dei ulike ordningane, på [Innovasjon Norge sine nettsider](#).



Venleg helsing

Liv Synnøve, Velaug, Lina, Johannes og Kenneth